



Frå starten av søndagsskulen i Tambaga, Mali (Foto: Normisjon)

**Vi er inne i basar-sesongen og laurdag klokka 13 er det ein ny basar i bygda - denne gongen i Bedehuset.**

**Det er ikkje den tradisjonelle bedehusbasaren, men ein ekstrabasar til inntekt for det søndagsskulearbeidet som Normisjon driv i Mali i Afrika. Seinast for vel ein måned sidan starta dei ein ny søndagsskule der - i Tambaga og med 25 barn i skulen.**

- Vi har dette som prosjekt på laurdagsskulen vår og kombinerer basaren med det vanlege møtet på laurdag, fortel Nelly Kjærland i Herøysund og Uskedalen Søndagsskule til uskeldalen.no

Det blir vist ein film som fortel om Normisjonsarbeidet i dette fattige landet og eit par med bakgrunn frå teneste i Afrika blir med.  
Det er Liv Herborg og John Birker Vold som bur i Ølen.

Det blir lokka med fine gevinstar og servering og arrangementet er sjølvsagt ope for alle.